

LÅT O' LINK

Nummer 1
Januar 2009
Årgang 19



Ein av dei nye redaktørane, Bjørn Strand, i eit spenstig sprang

Denne gongen handlar det om :

- ◆ blir det folkemusikk-AS?
- ◆ ny redaksjon (sjå s. 6)
- ◆ stor aktivitet i folkemusikk-Valdres
- ◆ lesarinnlegg
- ◆ utvandra Valdres-spelemenn
- ◆ og mykje anna

Gode lagsmedlemmer!

Godt nytt år til alle i Valdres folkemusikklag og lesere av LÅT O“LINK!

LÅT O“LINK har fått nytt redaksjon. I denne sammenheng takker Vfl Brøtagutadn for det store og samvittighetsfulle arbeidet de har gjort for bladet, og ønsker det nye arbeidslaget velkommen. Den nye redaksjonskomiteen blir ledet av Kjellbjørn Karsrud med Bjørn Strand og Frode Rolandsgard som hjelperedaktører.

Benytter også anledningen til å berømme all innsats og arbeid som ble gjort i 2008. Lokallagene og medlemmene i Vfl har gjort store dugnadsinnsatser for folkemusikkmiljøet og de store arrangementene, JH-stemnet, Strunkeveko og Valdreskappleiken. De ansatte har stått på og forberedt og gjennomført arrangement. Uten de ansattes og den store frivillige dugnadsinnsatsen hadde det ikke vært mulig for Vfl å gjennomføre disse etter dagens ambisjoner og nivå. Vfl og lokallagene har hatt representasjoner i forskjellige sammenhenger, deltagere på kappleiker med gode resultat og det har vært samarbeid lokalt og nasjonalt. Lokalt kan nevnes Valdresmusea AS, Valdres kultur og næringspark, næringslivet og kommuner. Det arbeides også med internasjonal representasjon i Latvia og Polen. Valdres folkemusikklag og Valdresmusea AS har levert felles søknad om kompetansesenter for rytmisk musikk. Folkemusikkdelen forsøkes lagt til Valdres. Kompetansesenter for rytmisk musikk har stått på Lfs-programmet de siste år. Haldor Røynes Årespris ble i 2008 tildelt Halvard Skrindsrud og Erik Røang for langt og verdifullt arbeid for folkemusikken og gamaldansen i sine miljø.

Nye ideer om utforming og drift av JH-stemnet og Strunkeveko er lansert av JH og Strunkeveko. JH-stemnet og Strunkeveko arbeider for å skille disse ut fra Vfl og danne et AS med Vfl som eiere. Dette er en stor inngripen i vår organisasjon og krever grundig informasjon og redegjørelse av hensikt og mål. Denne saken må medlemmene og lagene ta stilling til og mene noe om, da det i stor grad handler om: *Hva vil vi med Vfl i framtida?* Ut fra mine tolkninger av vedtekten, og vanlig demokratisk beslutningspraksis, er det kun medlemmene og lagene på et årsmøte, som kan avgjøre en så omfattende organisasjonsendring. (Viser for øvrig til lederartikkelen i LÅT O“LINK nr. 4, 2008).

Fra medlemmer og lag i Vfl har jeg fått spørsmål vdr. sentrale punkt i forbindelse med frivillighet og forretningsdrift:

- Hva slags fordeler vil et AS gi?
- Er dette nødvendig?
- Er AS-drift og en ideell organisasjonsdrift forenlig?
- Hva med den immaterielle kulturen?
- Hva med eiendeler og kapital?

- Vil et AS få tilskudd på linje med en frivillig organisasjon?
- Hva skal AS-et ta hånd om?
- Hva med framtida, vil et AS svekke lokallagene?
- Vil svekkede lokallag melde seg ut av Valdres folkemusikklag og stå direkte under Lfs?
- Hva skjer hvis AS-kapitalen forsvinner, hvem skal sørge for ny kapital.
- Hva ved konkurs?
- Kan andre kjøpe konkursboet ? Osv.

Det er helt klart at det må til en grundig informasjon til lagene og medlemmene om innhold, og hensikt, og hva dette kan føre til mht. fordeler og konsekvenser, før forslaget kan bli årsmøtesak.

Det er av største viktighet for samhandlingen i hele organisasjonen at medlemmene og lagene, styret og forslagsstillerne etablerer en felles forståelse av organisasjonen i dag, og for overskuelig framtid.

Som leder i Vfl tillater jeg meg derfor å komme med forslag til gjennomføringsprosedyre dersom det skal etableres et AS.

- All nødvendig informasjon må ut til medlemmene og lokallagene. Forslaget må konsekvensutredes.
- Grunnlagsdokumentene for AS-et; stiftelsesdokumentet, aksjeavtalen og vedtekten, må sendes ut til lokalagsstyrrene for å bli drøftet, godkjent og akseptert. Utforming og innhold må være i felles forståelse med lokalagsstyrrene.
- Lokallagsutsendingene til årsmøtet må være gitt mandat fra sine styrer.

Generelt sett er jeg for organisasjonsutvikling, og for å forbedre organisasjonen vår. Organisasjonsutvikling kan være så mangt, fra å forbedre en eksisterende organisasjon og til å etablere noe nytt. Felles mål uansett organiseringsform må være å legge til rette for å motivere til frivillighet og dugnad. Verdien av menneskelige ressurser og dugnadsinnsatsen er den «viktigste kapitalen» i Vfl.

Med ønske om et godt arbeidsår på alle områder, og et utviklende år i riktig retning.

Beste helsing

Kjell Bakken

Leiar i Valdres folkemusikklag.

LÅT Ø LINK

Låt Ø Link er eit frittståande folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag. Idear, ei god historie eller anna stoff, kan du sende til post@valdresfolkemusikklag.no eller til Valdres folkemusikklag, Tyinvegen 27, 2900 Fagernes. Merk e-postane eller konvoluttane med «Låt Ø Link». Opplag: 450.

OMORGANISERING I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

OG OPPRETTING AV ARRANGEMENTSSELSKAP

Valdres folkemusikklag har det siste året diskutert organisasjonsendringar. Strukturen vi har hatt dei siste 10 åra med tre ulike styre – eitt for folkemusikklaget, eitt for Jørn Hilme-stemnet og eitt for Strunkeveko har ikkje vore ideell, korkje for dei tilsette enn for dei som skulle arbeide i styra. Det har m.a. vore vanskeleg å følgje opp budsjettarbeidet og dei tilsette har hatt for mange potensielle beslutningstakrar å forhalde seg til – noko som har skapt meirarbeid. I tillegg spelar den økonomiske risikoene ei rolle. Folkemusikklaget ved leiaren greip fatt i situasjonen og fleire moglege løysingar har vorte lagt fram og diskutert. Etter innspel frå styret for Jørn Hilme-stemnet og diskusjonar i styret for folkemusikklaget er det eit AS-framlegg som blir lagt fram for årsmøtet. Her blir dagens Hilme-stemne og Strunkeveko organisert i eit AS med ideelt formål, heileigd av Valdres Folkemusikklag.

Låt ó link-redaksjonen har fått følgjande skriv frå interimstyret for det nye AS-selskapet som vil tre i kraft dersom årsmøtet gjer vedtak om det:

Omorganisering i Valdres folkemusikklag og opprettning av arrangementsselskap

Utgangspunktet for å fremje forslag om eit arrangementsselskap for Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko er å ivareta kontinuiteten i arrangementa og syrgje for sikker drift og økonomi i Valdres folkemusikklag.

Ein fordel med å vera eit AS er at ein heile tida har nedfelte regler å halde seg til juridisk sett. Selskapet har like fullt og heilt eit ideelt føremål som ei foreining eller stifting. Dette kjem fram i forslaget til vedtekter nedanfor (§ 3).

Selskapet er fullt og heilt eigd av Valdres folkemusikklag.

Det er ikkje mogeleg å selja aksjar til utanforståande. Styret i Vfl er generalforsamling for selskapet, og lokallaga legg føringer for styret på årsmøtet i Vfl. Det er fritt opp til styret i Vfl å fordele aksjar til medlemslag i Vfl dersom dette er ynskjeleg. I så fall vil lokallaga ha møterett på generalforsamlinga (§ 4).

Det ligg ein økonomisk sikkerheit å vera AS. *Slik me er organisert i dag*, er det styret i Vfl som har styremandatet og ansvaret for økonomien til arrangementa. Dersom det skulle bli underskot er det kapitalen til Vfl som må dekke underskotet. Verst tenkjeleg vil ein då kunne velte heile Vfl ved eit stort underskot. Denne risikoen er påpeikt av revisoren til Valdres folkemusikklag. Ein vil sjølv sagt ha som mål å gå i balanse eller med overskot, men ein bør vera var når ein handterer så store summar kvart år. Uføresette årsaker som ver, sjukdom, endringar i offentlege tilskotordningar og næringslivet er døme på dette. *Ved eit AS* er den økonomiske risikoen avgrensa til aksjekapitalen i selskapet. I verste fall går selskapet konkurs, om ikkje styret i selskapet eller eigarane klarer å skaffe ny kapital. Det vil i så fall likevel vera mogleg for Vfl å velja å arrangere Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet vidare, om dei ynskjer.

Ein meiner ei slik organisering sikrar både arrangementa og lagsdrifta. På 1990-talet vart folkemusikkarkivet og distriktsmusikarane skilde ut av Vfl fordi ansvar og risiko vart for stort å handtere for styret i Vfl. Det er ei stor belastning for eit frivillig styre å ha ansvar for både arrangementa, ha arbeidsgjeveransvar og drive lagsarbeid. Pr. i dag har Valdres folkemusikklag ei omsetjing nær 3 millionar kroner, der Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet står for vel 90%.

Utkast til stiftingsdokument er utarbeidt av eitt interimstyre med Ingar Ranheim (frå styret i Vfl), Svein Erik Hilmen (styret i JH-stemnet), Eli Marit Fuglesteg (styret i Strunkeveko), Torveig Dahl (styret i JH-stemnet/museet) og Solveig Hårdnes (tilsett) som medlemmer. Interimstyret har rádført seg med Harald Kjøs (revisor for Valdres folkemusikklag).

Utkastet vart handsama på styremøte i Valdres folkemusikklag 20. januar for utsending til styra i lokallaga. Heile stiftingsdokumentet er sendt leiarane i lokallaga.

Her i Låt o' link legg me fram utkast til vedtekter i selskapet.

Aksjelova finn de på: www.lovdata.no

Førebels utkast 20.01.09

UTKAST TIL VEDTEKTER:

§ 1. Namnet på selskapet er Valdres folkemusikkarrangement as.

§ 2. Selskapet har forretningskontor i Nord-Aurdal kommune.

§ 3. Selskapet har eit ideelt føremål. Det skal ikkje bli utbetalt utbytte.

- 1) Selskapet har som føremål å skipe til folkemusikkarrangement i Valdres, m.a. Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko.
- 2) Målsetjinga er å:
 - fremje kunnskap om og auke interessa for norsk folkemusikk og -dans i Valdres og landet elles gjennom konserter, kurs, kappleik og andre tiltak.
 - presentere norsk folkemusikk og -dans i kvalitet og breidd, leggje vekt på dei tradisjonelle formene, men også presentere nye trendar innan folkemusikken.
- 3) Målgruppa er:
 - born og ungdom
 - eit spesielt interessert festivalpublikum
 - utøvarar innanfor sjangeren
 - lokalbefolking og turistar i Valdres-regionen
 - forskrarar og studentar innan folkemusikksektoren
 - eit generelt musikkinteressert publikum.

§ 4. Aksjekapitalen i selskapet er på kr. 100 000 fordelt på 100 aksjar à pålydande kr. 1 000.

Berre Valdres folkemusikklag og deira medlemslag kan eige aksjar i selskapet.

§ 5. Styret i selskapet skal ha 3-7 medlemmer etter nærmare vedtak i generalforsamlinga. Styreleiar blir vald for eitt år om gongen, styremedlemmene for to år om gongen, slik at halve styret er på val kvart år. Ingen kan sitje samanhengande som styremedlem i meir enn åtte år.

Generalforsamlinga peikar ut ei valnemnd på 3 personar for neste val.

§ 6. Selskapets firma blir teikna av styreleiar og eitt av styremedlemmene.

§ 7. Ordinær generalforsamling skal vera halde kvart år innan utgangen av juni.

Den ordinære generalforsamlinga skal handsame:

- 1) Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse, herunder disposisjon av overskot eller dekking av underskot.
- 2) Val av styre og styreleiar
- 3) Val av revisor
- 4) Andre saker som etter aksjelova og vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

§ 8. Det blir elles vist til den aksjelovgjevinga som gjeld til ei kvar tid.

HELSING FRÅ DEN NYE REDAKSJONEN

Med julenummeret i fjor takka Brøtagutadn for seg, og styret i Valdres folkemusikklag har utpeikt ein ny redaksjon. Den nye redaksjonen består av Kjellbjørn Karsrud (konstituert redaktør), Frode Rolandsgard (kverulant og småbrukar) og Bjørn Strand (sensuransvarleg med særleg kompetanse innanfor langeleikhistorikk og suldalsspringar).

Kjellbjørn Karsrud har i første omgang teke på seg redaktøransvaret for dei to første nummera av Låt o' link i 2009, og planen er då at han skal trekkje seg tilbake til eit komfortabel pensjonisttilver på Tolga. Frode Rolandsgard har store vyar for 2009, og har gjort det klinkande klart at han på sikt kan tenkje seg å kuppe redaktørposten frå og med hausten. Bjørn Strand derimot, er nøgd med tilveret, og brukar mykje tid på å ligge stappmett på sofaen framføre fjernsynet heime på Strønd.

Det er med stor iver at den nye redaksjonen tek fatt på arbeidet med å utforme Låt o' Link, og løfte den redaksjonelle standarden til eit akseptabelt nivå.

Er det noko du vil klage på, så klag i veg til følgjande e-postadresse:

latalink@valdresfolkemusikklag.no

Møte om omorganisering, stiftingsdokument og vedtekter

tysdag 3. februar kl. 19.00. på loftet i adm.bygget på Valdres folkemuseum.

Der møter også revisor Harald Kjøs for å svare på spørsmål.

Gjer vel å møt opp! Me vil ha medlemmene sine meiningar.

Saka blir behandla på årsmøtet i Valdres folkemusikklag
torsdag 12. mars kl. 19.00 på loftet i adm.bygget på Valdres folkemuseum.

Valdreskvelven Spel og Dansarlag har Årsmøte i Sørre Hemsing Tysdag 10. Feb. kl. 19.00.

Som vanleg: Årsmelding, reknskap, valg, planer.

Viktig sak: Noko MÅ gjerast, men kva?

Er vi betre tent med eit A/S til å drifta JH-stemnet og Strunkeveko, eller skal vi forbetre organisasjonen og køyre vidare slik?

Bevertning. Velkomne.

For styret, leiar Ivar K. Hemsing

LEA DE - BYGDA DANSAR I OPPLAND

Nysgjerrig på kva me eigentleg driv med? Her får du svar på noko av det!

Lea de-prosjektet er no alt halvgått. Tida har gått veldig fort, men me ser oss godt nøgd med det me har fått til so langt. Om lag 70 ungdomar frå Oppland er med i prosjektet enten på lokale øvingar eller/og på helgesamlingar. Ungdomane er ivrige og har verkeleg stor framgang på dansegolvet. Her kjem litt informasjon om planane for våren 2009. På nettsidene våre finn du oversikt over det meste som har skjedd i prosjektet så langt.

www.bygdadansar.no

Me oppfordrar alle i miljøet til å bruke nettsida vår. Der ligg det til ei kvar tid oppdatert informasjon om lokale øvingar, helgesamlingar og andre ting. Me prøver også å leggje ut litt bilete frå helgesamlingane.

Lokale øvingar fram til påske (Med etterhald om endringar)

Fagernes: måndagar 16.00 – 18.00 på Kulturskulen på Fagernes.

12/1, 19/1, 26/1, 2/2, 9/2, 16/2, 2/3, 9/3, 16/3, 23/3, 30/3.

Gjøvik: torsdagar 17.00 – 19.00 i Dramasalen på Gjøvik vgs.

15/1, 29/1, 12/2, 5/3, 19/3, 2/4.

På dei lokale øvingane dansar me i all hovudsak gamaldans og bygdedansar. Me prøver å leggje oss etter dei dansetradisjonane som er dokumentert på film i dei ulike geografiske områda. I tillegg til Gjøvik og Fagernes har me øvingar på Vinstra, Jenvaker og Vågå/ Skjåk.

Helgesamling på Lillehammer 6. – 8. februar

Den neste helgesamlinga finn stad på Lillehammer helga 6. – 8. februar. Set kryss i kalenderen din med ein gong. Me satsar på ei helg propfull med dans og moro! Dette er noko av det som kjem til å skje denne helga: Valfrie økter med lausdans, smakebitar på koreografiar som skal brukast i forestilling til våren, bygdedans og runddans osv. Meld gjerne ifrå om du har lyst til å koma innom. Det er viktig at miljøet og ungdomane møter kvarandre med tanke på tida etter at Lea de-prosjektet er ferdig!

Folkemusikkseilas på hurtigruta

Lea dé har inngått samarbeid med Folkemusikkseilasen på Hurtigruten som finn stad 22. til 28. mars 2009 med M/S Nordkapp. Åtte ungdomar frå «Lea de» er plukka ut til å få vera med på dette saman med ein utvida prosjektleiing som består av Sigrud Heide, Inge Gjevre, Tone Voldhaug, Silje O. Hålien og Stian Roland. Frå Valdres er det desse ungdomane som er plukka ut til å få vera med på Folkemusikkseilasen: Bendik Brenna, Ådne Kolbjørnshus og Ingrid Lingaas Fossum. Dersom nokon i miljøet syns at ein slik tur på hurtigruta fristar så kan me i Lea de ta i mot påmeldingar.

Forestilling til våren

Lea de har avtale om å ha eit lite innslag under Festforestillinga laurdag 23. mai 2009 under Den Norske Folkemusikkveka på ÅL, samt kjem til å ha innslag under kveldsforestillinga fredag under Jørn Hilme-stemnet 19. - 26. Juli. Me arbeidar for tida også med å få på plass fleire slike framsyningar for våren 2009, mellom anna på Kunsthøgskulen i Oslo. Til hausten startar me med den store sluttforestillinga i Lea de. Denne skal vera ferdig våren 2010.

Har du lyst til å vera med å gjera ein innsats?

Prosjektet vårt krev ein god del dugnadsinnsats spesielt på helgesamlingane. Her har me hatt uvurderleg hjelp av nokre fåe ildsjeler. Tusen takk til desse. Utan dykk hadde det ikkje gått! Men, me skulle gjerne hatt meir hjelp, spesielt no som me byrjar å nærme oss forestillingar! Dersom du har lyst til å bidra med noko så meld i frå. Det kan vera ei fantastisk energiinnsprøyting å vera med på desse helgesamlingane!

Godt nytt år frå Stian og Lea de!



JØRN HILME-STEMNET HAR INNGÅTT TRE-ÅRIG SPONSORAVTALE MED SPAREBANK1 VALDRES

I avtala inngår ein større årleg pengesum samt materiell til Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet. Valdres folkemusikklag, Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet nyttar Sparebank1 Valdres som sin bank.

OM LAUST OG FAST

- B. Strand etterlyser hannhund til bordercollie-tispa si.
- Styreleiar og nestleiar i VFL har starta på felekurs med siktemål å ta totalansvar for felespelinga i Valdres. Etter snart eit år med speling, er dei einige om at dei treng ein månad meir øving for dei andre felespelarane i dalen kan gje seg.
- Nestleiaren i styret i VFL, F. Rolandsgard har takka dei gamle redaktørane av Låt ó link for at dei gjekk av.
- K. Aa. Bråten har flutt til Leira. I ein kort kommentar stadfestar han at han er opprømt, og at han ser fram til å setja seg inn i den segnomsuste langeleiktradisjonen i Krokabakkadn.
- Leiar i VFL, K. O. M. Bakken, har grodd seg heilskjegg. Meir om dette i neste nummer.

FOLKEMUSIKKSCENA I VALDRES HAR TO KONSERTAR PÅ PROGRAMMET I VÅR.

Fredag 27. mars på Solabu i Ulnes får me besøk av tre av Nordens beste spelemenn: Knut Hamre frå Hardanger, Anders Bjernulf, storspelmann fra Dalarna i Sverige, og Finlands Arto Järvelä frå Kaustinen.

Sundag 26. april får me besøk av gruppa Skaidi.

Inga Juuso er ein kraftfull joiker og den eineste i verden som er ansatt i full stilling som profesjonell joiker! Steinar Raknes er en av Norges fremste jazzbassister med ein uredd og eksplosiv spelestil. Saman er Juuso og Raknes ein energiduo du garantert ikkje har høyrt maken til!

Bli med og bruk Frivilligregisteret!

Frå 1. mars kan tipparar i Norsk tipping bestemme at inntil 5% av omsetninga skal gå til lokale lag som driv frivillig verksemd. For at dette skal vera mogleg, må laga sjølve registrere seg i Frivilligregisteret, då kan laget faktisk tene nokre enkle kroner.

Alle som sender inn korrekt informasjon innan **1.februar** og er kvalifisert for deltaking i ordninga, kan bli med i Grasrotandelen allereie frå 1. mars.

Etter at laget har registrert seg, er det då viktig at dei gjer det kjend i medlemsmassen og elles at laget er ein potensiell mottakar av grasrotandelen.

For meir info: <http://www.brreg.no/frivillighet>

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 2009



Valdres folkemusikklag oppmuntrar ungdom i alderen 13-19 år til å melde seg på ungdommens kulturmønstring 2009. Her kan du delta med song, spel og dans eller andre innslag du har lyst til å syne fram. Den lokale mønstringa i Valdres går føre seg laurdag 14. februar i kulturhuset på Fagernes. Du må melde deg på med innslaget ditt innan 01. februar. For meir info og påmelding sjå: www.ukm.no eller ta kontakt med kulturkontoret i kommunen din.

DER INGEN SKULLE TRU AT NOKON VILLE BU - 1

Reisebrev frå Hallingdal

Midt i januar reiste den nye, forbetra redaksjonen i Låt o Link til Hallingdal, nærmare bestemt Torpo. Vi hadde bestemt oss for å gle hallingane med litt valdresnærver, og for å høyre på konsert med Egil Syversbråten.

Som alle erfarte turfolk veit, krev lange reiser mykje planlegging. Det første problemet var sjølvsagt kven som skulle køyre. No er vi i Valdres Folkemusikkklag begunstiga med ein klok, vis og oppofrande styreleiar som merkeleg nok sa ja til å køyre oss. Vi vil med dette oppmøde alle medlemmer i Valdres folkemusikkklag som vil på fest, om å ringe styreleiar Kjell Bakken. Han vil alle vfl-medlemmer godt, og stiller opp.

Reisa over fjellet gjekk bra. Naturinntrykka er store når ein kjem over på Hallingsida. Snøen er gråare, steinen er hardare og sola vart borte. Det var vel Aasen som skreiv om den steinute Hallingdalen. Ein klok mann. På veg forbi Rotneim avslørde ein av redaksjonsmedlemma at syster til tippoldefar hans var gift med Knut frå Rotneim. Dette utløyste ein del uro i baksetet, men då vi etterkvarst forsto at slektskapen var inngifta, slo vi oss til ro. Familieskammen var også så stor at dei utvandra til Valdres. På Rotneim var det forresten tydelege spor etter den gamle hallingdansaren. Hallingdals mest kjende hallingdansar hadde spend rundkast opp i greinene på trea rundt der. Iallefall var det ikkje ei heil grein under 1.50 cm over bakken. Dette skal forresten vera gjeldande rundkastrekord i Hallingdal.

Ein smart snarveg initiert av styreleiaren gjorde at reisa berre tok ein halvtime ekstra og at vi kom for seint til konserten. Framme på Torpo var overraskinga stor. Syversbråten var sjuk, og erstatta med Valdres store son, Jan Beitoaugen Granli. No veit vi alle at Jan både er mørkhåra og svartsmuska, men nokon halling er han likevel ikkje. Konserten vart difor ei stor oppleving. Dei 10 beste låttane vart presentert, og Beitoaugen spelte betre enn nokon gong. Terningkast 7. Hallingane ved Martin Myhr mora seg deretter ved å parodiere valdresspringar på scena, truleg til ære for gjestane, men storsinna som vi er, klappa vi og sa at det var storartat dans. Nokre ungar dansa særsla bra, og eit juniorspelemannslag spelte også særsla bra frå scena. Dette var difor ulikt det meste vi har sett frå hallingdalsutøvarar tidlegare. Det er tydeleg at ungdommane framleis hadde den naturlege rytmesansen, og enno ikkje var øydelagde av tradisjonen i dalen. Dette viser at det er von for Hallingdal, og Låt o link-redaksjonen vil arbeide for å få sendt dansemisjonarar over åsen for å redde ungdommane.

Redaksjonen gledde seg storleg til festen, men straks konserten var slutt skulle hallingen heim. Det var jo fredag kveld, og mykje spennande på tv-en. Slukøyra skunda vi oss heim til Valdres. Denne gongen tok vi omvegen tilbake, og kom difor mykje raskare heim.

Alle var einige om at vi hadde hatt ein fin tur, og at ein kan få fine kulturopplevingar også i Hallingdal.

Frode Rolandsgard

VALDRES FOLKEMUSIKKARKIV INN I FRAMTIDA

Valdres folkemusikkarkiv på Fagernes går i desse dagar gjennom ein revolusjonerande prosess. Hundre år med folkemusikk skal sikrast for framtida!

Allereie i 1877 fann Thomas Edison opp fonografen, og spelte inn si eiga stemme med barnerimet «Mary had a little lamb», men dei første musikkopptaka vart ikkje gjort før 1887-1888. Fonografen tok opp lyd direkte gjennom ei trakt, som så vart skriven inn på voksrull. På denne tida var dette ein sensasjon, sjølv om lyden var skrøpeleg¹.

Fram til 1930-åra var innsamling av folkemusikk her til lands i hovudsak avgrensa til notenedskrifter. Men like etter 1900 hadde ein begynt å gjera lydopptak med enkelte spelemenn på voksrullar ved hjelp av den nemnde fonografen. Det første voksrulloppaket me kjenner, vart gjort med Numedalsspelemannen Steinar Gladheim (ca. 1906), og seinare følgde fleire andre utøvarar etter, blant anna Sjur Helgeland (ca. 1910) på Vestlandet, og Knut Dahle (1912) frå Telemark.

Parallelt med voksrulloppata begynte ein frå 1910 å gjera opptak på 78-plater. Desse platene var i motsetnad til voksrullane meint for kommersielt sal, og spelet til Knut Dahle (1910), Ola Mosafinn (ca. 1910), Halvor og Gunnulf Borgen (1911) og Kristiane Lund (1919) vart då fest til plate. Ved sidan av dei vanlege 78-platene eksisterte det også frå ca. 1910 ein annan type grammofonplater (pathefonplater), og desse vart etter ei stund tilpassa dei ordinære 78-platene, slik at ein kunne spela pathefonplater på ein vanleg grammofon. Blant dei som spelte inn på pathefonplater var Arne Bjørndal (1912), Eiliv Smedal (1912-1914), Kjetil Flatin (1912-1914), og Ola Okshovd og Knut Ø. Rudi (ca. 1915)².

Samspelopptaka med Ola Okshovd (1872-1960) og Knut Rudi (1878-1972) er dei eldste opptaka me har i Valdres folkemusikkarkiv, og kanskje dei eldste folkemusikkopptaka frå Valdres som eksisterar?

Mykje av lydfestinga av norsk folkemusikk gjekk litt tilfeldig føre seg fram til Rolf Myklebust (1908-1990) vart tilsett som programsekretær i musikkavdelinga i NRK i 1953. Han gjekk systematisk til verks, og auka lydsamlinga radikalt. Då han gjekk av med pensjon i 1978 hadde folkemusikkarkivet i NRK 31 000 enkeltopptak.

Tilbake i Valdres så ser ein at det er gjort sporadiske innsamlingar i mellomkrigstida og fram mot 50-talet. Blant anna gjorde Olav Moe (1872-1967) sine beste innspelingar i 1937 for NRK, mens det vart gjort opptak med Ola Reishagen (1884-1943) i 1939/1940. Reishagen hadde då utvandra til USA. Men fleire viktige tradisjonsberarar og kjelder i same generasjon, som Nils Beitoaugen (1863-1927) og Ivar Ringstad (1870-1954) vart det truleg aldri gjort opptak med.

Fram til 50-talet var det nok hardingfelespelet lydinnsamlarane hadde konsentrert seg mest om. Men då Norsk folkemusikkinstitutt i Oslo vart etablert i 1951, gjekk ein systematisk til verks for å dokumentere ulike sider ved folkemusikktradisjonane i dei ulike distrikta, og det vil ikkje vera feil å seia at det vart gjort til gagns her i Valdres.

Mykje av det me har av eldre materiale i Valdres folkemusikkarkiv er kopiar frå Norsk Folkemusikksamling (vidareføring av Norsk folkemusikkinstittut), litt er frå Arne Bjørndal sine innsamlingar, og noko er frå NRK. Men frå 50-talet og utover har sentrale personar i folkemusikkmiljøet i Valdres som mellom andre Torleiv Bolstad, Olav Viken, Haldor Røyne, Trygve Bolstad og Elisabeth Kværne gjort opptak som er unike for samlinga.

Fram til rundt 1990 hadde ein nytta spoleband som lagringsmedium, men gjekk då over til DAT-kassettar. Ei rivande teknologisk utvikling dei siste ti åra har ført til at desse medietypane i dag er meir eller mindre utdatert. Særleg DAT-kassettane har vist seg å ha relativ kort haldbarheit. Arkivet må digitalisera og lagrast på harddisk, ikkje berre for å gje det lettare tilgjengeleg, men først og fremst for å bevare lyden for framtida.

Me fekk i haust naudsynt hjelp frå Norsk Folkemusikksamling og Tellef Kvifte, med å få konvertert den gamle Access-basa over i registreringsprogrammet FIOL. FIOL har breie søkemulegheiter, og ein kan no til dømes søkje på namn, distrikt, instrument og rolle for å finne det ein leitar etter. I tillegg blir kvart kutt klassifisert slik at ein no kan søke utifrå lattesjanger. Ein kan også kombinere söka, og slik få ei solid oversikt over det rike mangfaldet i Valdres folkemusikkarkiv.

Folkemusikkarkivet teller i dag 8923 kutt, og 4286 av musikkutta kan ein gå inn å høyre direkte, ved hjelp av eit par tastetrykk.

Kjellbjørn Karsrud

(Footnotes)

¹ Wikipedia

² Aksdal, Bjørn og Nyhus, Sven (red.): Fanitullen (1993), 334-337.

58 spelemenn som utvandra frå Valdres til USA

Sjå artikkel neste side

Arne Olsson (Olson) Steinsrud	Jens Nilsson Tildeishaugen
Anders Stugarden	Ivar Haslebrekk
Nils på Hengjun/Nils Brøtagutn/Nils K. Bråten	Ola Olsson Reieshagen/Ola Hamre
Amund Rustebakke	Knut Hovi (Hovy)/Knut Olson Hovimyren(??)
Andreas i Brøta	Torstein Eivindsson Åsen
Ola Knutsson Brustugu/Knutson Brustogo	Jens i Bergo
Erik Solbrekken	Knut K. Neste
Ola på Spelemannshaugen	Nils Jørnsson Røn
Harald Skogstad	Knut Jørnsson Røn
Lars Alfsen	Endre Jørnsson Røn
Nils Torsteinsson Belgum/Nils Øygare	Gullik E. Kvåle
Bendik Toresson Gausåk	Ole J. Braaten
Gullik H. Dæle (Dælid)	Jøger Olsen Quale
Ola Strande	Eivind Torgeirsen Reien
Ola Torsteinsson Hegge	Ragnhild Snortheim
Andris Mørken	Torger Olsson Strand
Jøger Eriksson	Øystein Sveji
Halvor Skatrud	Kristoffer Hæn
Ola S. Hedalen	Ola I. Flaten
Gullik J. Sagahaugen	Finnkjell Toresson
Håkon Grobakken	Kristafr Vølle
Lars Tvenge, f. Havreberg (?-usikkert om han emigrerte)	Trond Ivarsson/Ivarson Eltun
Andris Beito	Sjugurd Strand/Strond
Gudbrand Beitohaugen	Nils Kvåle
Knudt Bendiksson	Lars Lokreimshaugen
John N. Dahle/Dale (?-usikkert om han emigrerte)	Ola Øydgarden or Tørpegøro
Torleiv Okshovd (?-usikkert om han spelte fele)	Andris/Andres/Anders (Wilhelmsen?) Bunde
Nils Lie	Ola Olsen Grov
Knut Bendikson Sjåheim	John Hermundstad

VALDRESSPEL I VESTERVEG

Laura Ellestad

Som ein canadisk hardingfelespelar opptatt av hardingfeletradisjonen frå Valdres, og som etterkommar av utvandrarar frå Valdres som hamna i Nord Amerika, var det lett å bli interessert i utvandra spelemenn frå Valdres. Fyrste gongen eg verkeleg vart interessert var under ein speletime med Trygve Bolstad, då han fortalte litt om Sør Aurdals-spelemannen Arne Steinsrud som utvandra til Amerika i 1852. Eg forsto då at under migrasjonstida mista Valdres ein god del av dei aller beste spelemenne, og at dette utan tvil har gjort stort inntrykk på korleis tradisjonen utforma seg vidare.

I Valdres utvandra folk i stor grad i dei hundre åra mellom 1830 og 1930, og det viser seg at meir folk utvandra frå Valdres, prosentvis, enn frå noko anna distrikt i landet. I 1900 var befolkninga i Valdres 17 016; mellom 1865 og 1905 reiste ca. 12 000 emigrantar frå Valdres til Nord Amerika. Desse tala, og det at mange spelemenn på denne tida var, som mange andre, fattige og utan eiga jord, gjer det ikkje vanskeleg å tru at det var tiltrekkaande for mange spelemenn å reise over havet.

Den fyrste spelemannen som reiste frå Valdres til Amerika var truleg Ola Strand, «Strandin», født på Skattebu i Øystre Slidre. Han utvandra i 1840-åra, då det endå var tidleg i migrasjonsbølgja; ingen ting er visst om livet hans i USA. Øystreslidringen Nils Lie (1924-1993) var nok den siste utvandra spelemann frå Valdres; han busette seg med familien sin i Minneapolis, Minnesota og vart mykje nytta som spelemann på 60-tallet. Nils Lie og familie kom att til Valdres i 1970, og då mista hardingfeleentusiastane i Amerika ein av dei få som spelte i det området på den tida.

Dei fyrste spelemennene som reiste var sikkert ein viktig del av det lokale samfunnet der dei hamna i Amerika. Det var svært vanleg tidleg i migrasjonstida at dei norske utvandrarane samla seg i små koloniar og heldt mange av dei tradisjonane dei tok med seg frå Norge i live. Då kunne det ha vore bruk for ein spelemann i bryllaup, barnedåp, gravferd og i kvardagen.

Ved høgdepunktet for den nasjonalromantiske perioden i Norge var det store og spennande mogelegheiter for spelemenn til å tene store mengder pengar ved å reise på konsertturné i «dei norske koloniane» i Amerika. Slik gjorde fleire spelemenn frå Valdres. Kanskje den beste kjende er Trond Eltun (1823-1899), frå sørre Øye i Vang, som utvandra med sonen Johannes i 1875. Han hadde planlagt å vere i Amerika ei kort stund, berre for å tene pengar med konsertane sine; så skulle han reise attende til Valdres. Men det vart slik at han aldri kom heimatt; han budde hjå vene og slektingar medan han reiste rundt med fela si, og til slutt fekk han ein kjøtbit i vrangstrupen då han var på tur i Minnesota i ein alder av 76, og døydde av det.

Trond Eltun var blant storspelemennene som reiste frå Valdres til Amerika. Det er ikkje utenkylog at fleire yngre spelemenn kunne fått lære direkte av han, viss han hadde vore i Valdres heile livet sitt og dertil fått formidla tradisjonen og særtrekka som han bar med seg. Spørsmålet då er: kva slags påverknad kan det ha hatt på hardingfeletradisjonen i Valdres at spelemenn som utvandra til Nord Amerika gjorde dette valet? Og, tilsvarende: kva slags påverkning hadde desse utvandra spelemennene på hardingfelemiljøet i Amerika?

Blant andre storspelemenn som utvandra til Amerika var Knut Sjåheim (1849-1908) og Bendik Toresson Gausåk, eller Bendik i Nø'n (1827-1882), dei aller beste.

Eg har samla ein del namn og stoff om spelemenn som emigrerte, og har nå funne ut om 58 stykker som utvandra frå Valdres (sjå side 12). Meininga er at dette prosjektet skal leverast som oppgåve ved Ole Bull Akademiet på Voss, der eg driv som student i programmet «Tradisjonsmusikk I». I oppgåva vil eg prøve å svare på slike spørsmål som dei eg har stilt ovanfor, i tillegg til å leggje fram eit oversyn over biografisk informasjon om desse utvandra spelemennene.

Har du nærmere informasjon om spelemenn som emigrerte frå Valdres til Nord Amerika, vil eg vere veldig glad om du tek kontakt med meg! Foto, brev, avisutklipp, instrument, opptak, og særleg historier er av stor interesse. Ta gjerne kontakt via telefon eller e-post til Laura Ellestad: 975 22 770 / mayonaise91@hotmail.com.



I 1914 vart «Hardanger Violinist Forbundet af America» stifta, eit spelemannslag som arrangerte årlege kappleikar i Midt-Vesten fram til 1952. Biletet var teke under kappleiken i Montevideo, Minnesota i 1930. Valdres-spelemannen Oscar Hamry (aka. Ola Reishagen) sit lengst til venstre i fyrste rekke. Hamry vant fyrste premie i minst to kappleikar i Amerika. (foto kopiert frå privat samling ved Kevin Hoeschen, Minnesota)

LEGE NED LOKALLAG, ELLER OPPRETTHALDE LOKALLAG.

Sjølv i ei tid med laber interesse og aktivitet i lokallaga er dei viktige som aldri før. Det treng ikkje være slik at eit lokallag må ha stor aktivitet på alle nivå heile tide med konsertar, dansetilstelningar, kurs, øvingar og eg veit ikkje alt. Mø må berre innsjå at aktiviteten varierar, klart mø bli litt lei uss, men slik er realiteten. Fordi det er få nyrekryttede folk, og dei fleste er resirkulerte så bli det slik, men mø må ikkje gje opp for det! I alle dele tå Valdres, ut til den «ytterste utkant», så sit det folk med kunnskap og resursar som nemleg eit lokallag veit om og kan ta vare på, eller kanskje helst få fram «i dagen». Kven i verden kunna få drage framatt torader-og trekspelarar oppi Øye visst ikkje Valdreskvælen var der til å gjera det? Og no ser eg at det er ny giv i Sør Aurdal fordi dei har eit lag som heiter Begnaljom.

Lokallaga står for veldig mykje lokal kunnskap og erfaring som ein må ta vare på. Folk som sit i styret i lokallaga ynskjer å arbeide på lokalt plan og kanskje samarbeide med naboen, visst det er hensiktsmessig, som det iblant er. Lokallaga står ikkje i vegen for eit sterkt regionalt folkemusikklag med dyktige, interesserte og engasjerte folk frå Valdres. Dei må alle jobbe på lag til beste for folkemusikken i Valdres, dei utfyller kvarandre flott!

Kari i Vang

AKTIVITETAR

Vårflaumen Spel og Dansarlag vår 2009:

Bjørn Strand og Kjersti Løvold held kurs i valdresspringar på onsdagar no framover mot våren. Spelemann er Kjellbjørn Karsrud, og kurset startar opp 19.30 på Solabu i Ulnes: 21/1, 28/1, 4/2, 11/2, 18/2, 4/3 og 11/3.

Det vil bli arrangert langeleiktreff te våren (nærmore info kjem). Sosialt samvær for alle Langeleikvenner:) I tillegg vil me følgje opp suksessen, og arrangere ein ny filmkveld med gamle filmopptak i løpet av vinteren/våren på Slidrehuset (nærmore info kjem). Lise.

Øystre Slidre spel og dansarlag vår 2009

Fredagsdans 6.2.

Lått o leven, laurdag 14.2

Årsmøte søndag 15.2

Fredagsdans 6.3

Påskefest 8.4

Lått o leven 18.4

Valdreskvelven Spel og Dansarlag vårhavåret -09

Fast har vi dansekveld med musikk av vår torader/trekspelgjeng og nokre feler med trekkspel.

Dette er på Torsheim frå kl.19 – 21, første gongen var 18. Jan, og blir vidare 15. Feb, 15. Mar, 19. Apr, og evt. 17. Mai.

Det blir spelt alle runddansvariantane, springar, pols og fugledansen. Dei som ynskjer hjelp med eit grep, nokre steg eller ikkje kan masurka men har lyst å lære blir tekne litt hand om kvar kveld.

Feleøvingar er i tillegg ei til to gonger i månaden, ofte på måndagar, men anna kan og bli avtala for at det skal passe.

Langeleikgruppe trur vi og kjem her etterkvart. Langeleikane, både dei sjølvbygde og dei kjøpte, prøver vi å samle på same vis slik at eigarane møtest og spelar.

Springarøvingar kan vi og delta på saman med dansarane i Vestre Slidre på deira øvingar i nytt hus på Slidre. Sjå på deira timeplan for dette.

Valdreslaget i Oslo

12.januar	Første springarøving i 2009 i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
26. januar	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
9. februar	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
23. februar	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
25. februar	Årsmøte kl 19-22 (kontor innanfor Blåsalen) i Nordahl Brunsgt 22
9. mars	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
23. mars	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
20. april	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
4. mai	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
18. mai	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
8.juni	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30
22.juni	Springarøving i Nordahl Brunsgt 22 - kl 19:30-21:30

B

NORGE



P.P.

DISTRIKTFER AV POSTEN NORGE

Nyttige namn og nummer

Lokallag

Leiar/kontaktperson

Begnaljom spel- og dansarlag
Einetdal spel- og dansarlag

Valdreskvelven spel- og dansarlag
V. Slidre folkemusikk- og danselag

Vårflaumen spel- og dansarlag
Østre Slidre spel- og dansarlag

Valdres folkemusikklag
Leiar.
Vfl og JH-stemmet, dagleg leiar

JH-stemmet, styreleiar
Strunkeveko, dagleg leiar
Strunkeveko, styreleiar

Lokallag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begnaljom spel- og dansarlag	Tor Morten Røhr	61 34 63 35	913 34 985	Tor.Morten.Rohr@sor-aurdal.kommune.no
Einetdal spel- og dansarlag	Ellen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Ivar Hemsing	61 36 74 02 (p)	481 28 610	hemsing@c2i.net
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vårflaumen spel- og dansarlag	Randi For	61 34 42 10	915 77 695	randsfor@online.no
Østre Slidre spel- og dansarlag	Lise Lunde Brennhagen	92 09 95 21		lisemor85@hotmail.com
Valdres folkemusikklag	Sissel Dale Lie	61 34 12 45 (p)	905 92 240	sisd-lie@online.no
Leiar.	Kiell Bakken	61 36 73 67, 913 71 993		
Vfl og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	komb@online.no
JH-stemmet, styreleiar	Svein Erik Hilmen	95 75 53 07		post@valdresfolkemusikklag.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Ingvild Lie	992 95 056		info@hilme.no
Strunkeveko, styreleiar	Eli Mari Fuglesteg	986 23 123		sv-er-h@online.no

Lokallag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Leiar.	Kiell Bakken	61 36 73 67, 913 71 993		
Vfl og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	komb@online.no
JH-stemmet, styreleiar	Svein Erik Hilmen	95 75 53 07		post@valdresfolkemusikklag.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Ingvild Lie	992 95 056		info@hilme.no
Strunkeveko, styreleiar	Eli Mari Fuglesteg	986 23 123		sv-er-h@online.no

Lokallag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Leiar.	Kiell Bakken	61 36 73 67, 913 71 993		
Vfl og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	komb@online.no
JH-stemmet, styreleiar	Svein Erik Hilmen	95 75 53 07		post@valdresfolkemusikklag.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Ingvild Lie	992 95 056		info@hilme.no
Strunkeveko, styreleiar	Eli Mari Fuglesteg	986 23 123		sv-er-h@online.no

Andre

Andre	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Bygda dansar	Stian Roland	907 22 690		
Valdres folkemusikkarkiv	Eliabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	stianroland@hf.ntnu.no	
Instrumentverkstaden	Knut Opheimsbakken	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no	
LFS	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)	knut.opheimsbakken@valdres.museum.no	
LFS, dagleg leiar	Nils Øyvind Bergset	416 39 567		
	Magnar Sundt	950 85 647	niloberg@online.no,	
	Knut Aastad Bråten	22 42 45 30 (a)	lfs@folkemusikk.no	
		907 68 797	spelemannsbladet@folkemusikk.no	

Andre	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Bygda dansar	Stian Roland	907 22 690		
Valdres folkemusikkarkiv	Eliabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	stianroland@hf.ntnu.no	
Instrumentverkstaden	Knut Opheimsbakken	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no	
LFS	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)	knut.opheimsbakken@valdres.museum.no	
LFS, dagleg leiar	Nils Øyvind Bergset	416 39 567		
	Magnar Sundt	950 85 647	niloberg@online.no,	
	Knut Aastad Bråten	22 42 45 30 (a)	lfs@folkemusikk.no	
		907 68 797	spelemannsbladet@folkemusikk.no	